



Fylkesmannen i Aust-Agder
Miljøvernavdelingen

Bygland kommune

Sentrum

4745 Bygland

Dykkar ref.

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2015/2990 / FMAAINO

Dato
26.06.2015

Inspeksjonsrapport etter tilsyn ved Byglandsfjord reinseanlegg - landsomfattande tilsynsaksjon avløp 2015

Rapportnummer: 2015.020.I.FMAA

Fylkesmannen viser til tilsyn den 6.5.2015. Denne inspeksjonen var ein del av landsomfattande kontrollaksjon 2014 - 2015, retta mot avlaupsanlegg, men òg eit oppfølgingstilsyn etter inspeksjonen 19.6.12., der det vart påvist 3 avvik.

Kontaktpersonar ved kontrollen:

Frå verksemda: Kjell Lande

Ingar Lindsetmo

Kjell Øyvind Berg

Trond Skjeggedal

Frå Fylkesmannen: Bjørn Stokke

Ildikó Nordensvan

Resultat frå inspeksjonen

Det vart ikkje avvik frå forureiningsregelverket. Fylkesmannen treng ikkje svar frå Byglandsfjord reinseanlegg.

Inspeksjonsrapporten blir vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om at han inneheld faktiske feil eller mistydingar, innan to veker etter at verksemda har motteke han.

Varsla kontrollgebyr for innbetaling til staten blir då sendt frå Miljødirektoratet.

Vi takkar for god mottaking og godt samarbeid under inspeksjonen.

Rapporten er elektronisk godkjent og blir send utan underskrift

26.6.2015

Dato

Ildikó Nordensvan

Kontrollør

Bjørn Stokke

seniorrådgjevar

1 Informasjon om verksemda

Eigd av (org.nr): 964 966 397	
Besøksadresse: 4741 Byglandsfjord Bygland	Telefon: 37 93 47 00
Bransjenr. (NACE-kode): 75.110	E-post: post@bygland.kommune.no

Kontrollert anlegg

Namn: Byglandsfjord reinseanlegg	Anleggsnr: 0938.0007.01
Kommune: Bygland	Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og reinsing
Løyve sist oppdatert: 12.12.2011	Risikoklasse: 3

2 Bakgrunnen for inspeksjonen

Rapporten er utarbeida etter ein oppfølgingsinspeksjon ved Byglandsfjord reinseanlegg. Inspeksjonen var òg ein del av kontrollaksjonen retta mot avlaupsanlegg 2014/2015 i regi av Miljødirektoratet.

Fylkesmannen har dei siste åra kontrollert Byglandsfjord reinseanlegg fleire gonger. I 2012 vart det påvist tre avvik ved tilsynet. Som følge av krav i forureiningsforskrifta og løyve av 12.12.2011 og påpeikte avvik i inspeksjonsrapporten ble anlegget akkreditert. Bygland kommune har revidert internkontrollen inkludert miljørisikovurderinga.

Formålet med kontrollen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande, og om verksemda har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar som er viktige for det ytre miljø.

Følgjande tema ble kontrollert:

- Drift av anlegget, inkludert:
 - Overlaup av forureina vatn
 - Leidningsnett
 - Om reinsekrava blir overhalde
 - Driftsstabilitet i avlaupsanlegget
- Internkontroll, inkludert:
 - Miljørisikoanalyse og tiltak for å redusere risiko
 - Avvikshåndtering
- Overordna planer, inkludert:
 - Mål og strategi for avlaupssektoren
 - Handlingsplaner og saneringsplaner
 - Klimatilpassing

Vi vil gjere merksam på at kontrollen ikkje omfatta alle sider ved verksemda som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk naudsynte tiltak.

3 Regelverk

- Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov av 19. juni 1970 om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) del 4. *Avløp*, kapittel 11. *Generelle bestemmelser om avløp* og kapittel 14. *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*.
- Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkjerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 11 om farleg avfall
- Løyve til avlaupsanlegga, gitt av Fylkesmannen etter forureiningslova, datert 12.12.2011.

Informasjon om regelverk finst på www.klif.no og www.regelhjelp.no

Definisjonar

Avvik: manglande etterleving av krav fastsette i eller i medhald av lov.

Merknad: eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

4 Vedtak om kontrollgebyr

Vi viser til varsel i e-post av 26.2.2015 der vi informerte om kontrollgebyr. Det vil seie at verksemda skal betale kr 12 000,- i gebyr for den gjennomførte inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 gebyr for kontroll i verksemder med løyve. Faktura for innbetaling blir send frå Miljødirektoratet.

5 Klageadgang

Vedtak om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og skal sendast til klageorganet via Fylkesmannen, som vil vurdere endring av vedtaket, eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage får ikkje utsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor, må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, får verksemda refundert for mykje innbetalt gebyr.

6 Offentleggjering

Rapporten vil bli tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentleglova.

7 Avvik

Det ble ikkje gitt avvik under inspeksjonen.

8 Merknad

Det ble ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9 Andre forhold

Etter tilsynet har vi motteke handlingsplan som synleggjer handlingsaktivitet innan VA-sektoren i 2015 i høve budsjettramme. Vi tek dette til etterretning.

10 Informasjon til verksemda

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om ny rettleiar om risikovurdering for ytre miljø i avløpsanlegg: *Norsk Vann, rapport 197/2013*

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.
Sakshandsamar: Ildiko Nordensvan, telefon: 37017551